

Referat frå møte i Hægebostad menighetsråd 23.01.24

Møte nr. 2/24

Til stades: Lisa Eiken, Anne – Marie Telhaug, Audun Meland, Valbjørg Austbø, Jørund Saaghus, Bernt Rune Sandrib, Anette Sandnæss, Wenche Gysland, Tor Arild Hopland, Åse Reidun Lande

Felles med Eiken Sokneråd

Sak 06/24 Evalueringar saman med Hægebostad kyrkjelyd

- Lysmesse og julekonsert

Positive erfaringar med felles arrangement der ein vekslar mellom å bruke dei to kyrkjene. Lysmessa først og julekonserten veka etter.

Vedtak: Lysmessa i Eiken kyrkje til kl.17.00 08.12.24.

Julekonsert Hægebostad kyrkje kl. 17.00 15.12.24.

- Tårnagentar/Lys våken

Vedtak Vi bytar Tårnagenthelga til Eiken kyrkje og Lys våken til Hægebostad kyrkje i 2024.

Sak 07/24 Musikk i menigheten

Evaluera prosjektkor og vegen vidare

Begge råda er einige om at det var ein positiv oppleving med prosjektkoret i haust. AG ynskjer ikkje å vera dirigent vidare. Det må i tilfelle finnast ein annan som kan dirigera. Det er lurt at ei eventuell vidareføring medfører at det blir kor på våren også. Det kan resultera i eit arrangement på våren og julekonsert på hausten.

Vedtak Det blir oppnemnt to personar frå kvar menighet til å sitja i eit song- og musikkutval. Desse jobbar vidare konkret for å få koret opp og gå. Frist for råda til å melda tilbake personar til kyrkjekontoret: 1. mars.

Søknad om lønn/honorar til dirigent prosjektkor høsten 2024

Søknaden gjeld timar for øvingar i samband med prosjektkoret hausten 2023. Råda ynskjer å gje eit honorar som ei påskjønning for hjelpa med koret.

Vedtak Kvart råd innvilgar eit honorar på til saman kr. 5.000,-.

Korleis bruka Emanuel Waldron i kyrkjelydane i tida framover

Det har vore ytra ynskje om å auka stillingsprosenten til Emanuel Waldron med 10% samla for begge kyrkjelydane. Dvs. ca. 35.000,- for kvart råd i året. Dette kan eventuelt avreknast mellom råda etter bruk.

Moglege områder for bruk av stillingsprosenten:

- Prosjektkor
- Sangkveldar
- Barnekor i Eiken?
- Forsangere/kirkeband i Eiken?
- Andre aktuelle oppgåver i samråd med song- og musikkutvalet

Vedtak

Kvart råd bevilgar penger til 5 % auking kvar i stillinga til Emmanuel Waldron. 10 % til saman. Råda ber kyrkjeshjefen ordna dei formelle tinga i samråd med gjeldane lovverk.

Song- og musikkutvalet får i oppgåve å arbeida saman med Emmanuel for å utforma oppgåver og setja desse ut i livet.